



TOK IMOT PRISEN: Fleire tysnesingar er engasjerte i det gamle ruteselskapet, og til høgre i biletet ser me kaptein Bjørn Hystad, som var med og tok imot prisen. Til venstre står eigar Espen Aspenes, og i midten Olav Henanger frå prisnenmnda. (Foto: Erik Vangsnæs)

M/S Midthordland fekk kulturvernpris

Det Midthordlandske Dampskibsselskab AS (MDS) er tildelt «Anders Kåre Engevik kulturvernpris» for 2017.

redaksjonen@tysnesbladet.no

Publisert 30.08.2017 kl. 17.11.

Prisen, som består av diplom og gavesjekk på 10.000

kroner, vart delt ut på Engevik gaard søndag 27. august.

«Anders Kåre Engevik kulturvernpris» er stifta av Sævareidfjorden ungdomslag i samarbeid med Fusa kulturminnelag og Fusa kommune, og vart no delt ut for sjette gong.

Juryen meiner at M/S Midthordland kanskje er det viktigaste flytande kulturminnet for Fusa og nabokommunane, og MDS får prisen for god innsats med å vidareføra lokal og nasjonal kystruktur.

- «Midthordland» er til glede for heile Vestlandet, og spesielt for oss som soknar til Bjørnafjorden, heiter det i grunngjevinga.